

Arkiv: FA-G
JournalpostID: <jplD> 20/31827
Saksbehandlar:
Dato: 29.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
021/20	Eldreråd	08.06.2020
023/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.06.2020
020/20	Utval for helse og omsorg	09.06.2020
054/20	Alver formannskap	11.06.2020
	Alver kommunestyre	

Akson: Felles kommunal journal og heilskapleg samhandling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse-og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte i saka og svara på spørsmål om aktuelle problemstillingar knytt til felles kommunal journal og heilskapleg samhandling. Eldrerådet har ingen merknader. Samrøystes.

ER- 021/20 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg

Framlegg frå Magne Bjørndal:

I tillegg til personvernomsyn, må det gjennom heile prosessen leggjast avgjerande vekt på universell utforming. Dette inneber t.d. at personar som nyttar talesyntese, forstøringsprogram eller leselist for punktskrift både kan nytta systemet når dei er pasientar og ønskjer innsyn, og som tilsette på stader der systemet er eit arbeidsverktøy.

Framlegget vart samrøystes vedteken.

RMNF- 023/20 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 08.06.2020:

I tillegg til personvernomsyn, må det gjennom heile prosessen leggjast avgjerande vekt på universell utforming. Dette inneber t.d. at personar som nyttar talesyntese, forstøringsprogram

eller leselist for punktskrift både kan nytta systemet når dei er pasientar og ønskjer innsyn, og som tilsette på stader der systemet er eit arbeidsverktøy.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Behandling:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte i saka og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg som tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Helse- og omsorgsutvalet er oppteken av at

- personvernomsynet vert svært strengt i nytt journalsystem
- journaleigar automatisk varslast via sms eller epost når nokon opnar journalen
- alle data skal lagrast fysisk i Norge

HO- 020/20 Vedtak:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse-og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

Helse- og omsorgsutvalet er oppteken av at

- Personvernomsynet vert svært strengt i nytt journalsystem
- journaleigar automatisk varslast via sms eller epost når nokon opnar journalen
- alle data skal lagrast fysisk i Norge

Alver formannskap 11.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 054/20 Vedtak:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse-og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

Politiske handsaming

Saka skal til uttale i Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i Utval for helse og omsorg samt Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Alle landets kommunar utanom helseregion Midt-Norge har mottatt brev frå Helse- og omsorgsdirektoratet med invitasjon til å underteikne intensjonserklæring om felles kommunal journal. Tiltaket har fått namnet Akson. Frist er sett til 1. juli 2020.

Underteikning av intensjonserklæringa er eit uttrykk for kommunen si støtte til og intensjon om deltaking i det vidare arbeidet med tiltaket Akson. Signering inneber ikkje forpliktelse om kjøp eller anna økonomisk forpliktelse for kommunen. Ei underskrive intensjonserklæring er med på å trygge regjeringa på at kommunane stiller seg bak førestnadene for, og det vidare arbeidet med å realisera Akson. Føresetnaden for staten si tilrettelegging og bidrag til Akson er at kommunar som representerer minst halvparten av befolkninga skriv under intensjonserklæringa og vedtak i regjering og Stortinget.

Saksopplysninger:

Konseptet Akson skal realisera målbiletet for heilskapleg samhandling og ei felles journalløysing for kommunal helse- og omsorgsteneste. Dette inneber at helspersonell i kommunane jobber i ei felles journalløysing som mellom anna betyr at legevakt, fastlegar, heimeteneste og helsestasjon nyttar same journalløysing og kan samhandle seg i mellom med brukarflater tilpassa deira behov. Innbyggjarane vil oppleve ei meir heilskapleg og koordinert helse- og omsorgsteneste og dei vil få ein journal på tvers av kommunale helse- og omsorgstenester. Journalen vil følgje innbyggjar dersom denne treng helsehjelp i andre kommunar som brukar den felles journalløysinga.

Målbiletet for heilskapleg samhandling inneber at nasjonale e-helseløysingar og felleskomponentar skal utvikla og gi innbyggjarar og helsepersonell i sjukehus, kommunar og fastlegar betre mulegheit til å utveksle informasjon digitalt og legge til rette for betre samhandling med andre statlege og kommunale tenester, som for eksempel NAV og barnevern.

- Akson er ein av bærebjelkane i Stortingsmeldinga én innbygger – én journal som blei lagt fram og behandla under Stoltenberg II regjeringa i 2012.
- [Melding til Stortinget nr. 9 \(2012-2013\), Én innbygger – én journal](#), skildrar måla for arbeidet med digitalisering i helsesektoren. Ambisjonane og målbiletet er oppretthalde av følgjande regjeringar med ulik politisk samansetning.
- Måla er fasthalde seinast i Meld. St. 7 (2019-2020), Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023. Hovedmåla er at helsepersonell skal ha enkel og sikker tilgang til pasient- og brukaropplysingar, innbyggjarar skal ha tilgang på enkle og sikre digitale tenester, og data skal vera tilgjengelig for kvalitetsforbetring, helseovervaking, styring og forskning.
- Det følgjer av målbiletet i styringsdokumentet for Akson at det som skal bli etablert, er ei stegvis utvikling av en open journalplattform som andre løysingar kan koble seg til.
- Plattformen skal tilretteleggje for smidig utvikling og fleksibilitet over tid. Ein felles kommunal journal vil leggje til rette for felles dialog og oppfølging av leverandørar, samt ein koordinert implementering av ny funksjonalitet og robuste sikkerheitstiltak.

Staten gjennomfører no ekstern kvalitetssikring av heile innrettinga til Akson, inklusive kostnad- og gevinstberekningar. Dette arbeidet skal være ferdigstilt ila juni månad.

Kostandene for Akson må kunna reknas heim av den enkelte kommune, og det må vera tydeleg korleis dette vil treffa kommuneøkonomien over tid. Det pågår derfor eit arbeid for å tydeleggjere kostnader og gevinster for kommunane, risikobilete/ulempar – samt forhold rundt organisering og styring som er viktig før ein kan gjere vidare vegval. Målet er at før kommunestyra i 2021 skal ta stilling til ei eventuell forplikting, og ikkje berre ein intensjon, må det vera utarbeidd eit godt avgjerdsgrunnlag på alle desse områda.

Det er i utgangspunktet lagt til grunn at kommunane på sikt skal inn i eigarskapet av selskapet Akson journal for å kunne ta løysinga i bruk. Dette er basert på prinsippet om utvida eigenregi. Det vert arbeidd med å vurdera om kommunane kan inngå som kunde utan eigarskap i verksemda.

Eit utval kommunar skal saman med KS inngå i det vidare arbeidet i 2020 med å avklara rammebetiningar og premiss for styring, organisering, finansiering og ansvarsdeling av Akson som heilskap. KS vil koordinere forankringsprosessar og runder for innspel som set kommunane i stand til å gi tilbakemeldingar på arbeidet undervegs og å ta ei endeleg stilling til avgjerd.

Vedlegg i saken:

29.04.2020

Helhetlig samhandling og felles kommunal journal - Brev 1382607
til kommuner om intensjonserklæring

29.04.2020	Brev til kommuner om intensjonserklæring - Akson	1382608
29.04.2020	Vedlegg 1 - Intensjonserklæring Akson	1382609
29.04.2020	Vedlegg 2 - Akson - Helhetlig samhandling og felles kommunal journalløsning - sammendrag	1382610